

Velkommen til



Hallen

BULANDET & VÆRLANDET FLEIRBRUKSHALL



## Fasilitetar og kjøp av tilgang til Hallen:

I Bulandet og Værlandet Fleirbrukshall kan du både trene, symje og slappe av i Tropicanaen. Du kan og nytte gode møtefasilitetar samt overnatte i bubil på Krabbeskjeret.

### Slik kjøper du tilgang:

- Turistar og besøkande kan kjøpe tilgang på Vipps nr. #920510.
- Send Screenshot av kjøp i Vipps til Drift BVFH: +47 905 34 307.
- Vi vil så sende kode på døra. Ein må og signere sikkerheitserklæring før bruk av bassenget.

Ved andre spørsmål ved bruk av Hallen, ta gjerne kontakt med Drift BVFH på +47 905 34 307. Ein kan og nytte BVFH sin Messenger på Facebook eller send ein e-post til [fleirbrukshallen@gmail.com](mailto:fleirbrukshallen@gmail.com).

# BVFH og Krabbeskjeret:



## Symjehall

BVFH har eit basseng på 12m x 8,5m, der vatnet held ein temperatur på 28 grader. Bassenget er bygd i materialet Sandwich og er det einaste i sitt slag. Kjøp av tilgang til bassenget blir gjort igjennom Vipps-butikken på nr. #920510.



## Tropicana

I tilknytning til bassenget ligg Tropicanaen. Dette er eit rom for velvære og avslapping som fint let seg kombinere med bruk av bassenget. Tropicanaen gir ein følelse av sommar og sol på grå og regnfulle dagar, og er eit stillerom som gir anledning til ro og ettertanke.



## Treningsrom

Hallen har treningsrom på 150 m2 med tredemøller, ro-maskin, Smith-maskin, spinning sykklar, manualar m.m. Kjøp av tilgang til bassenget blir gjort igjennom Vipps-butikken på nr. #920510.



## Aktivitetssal med buldrevegg

Hallen har også ein aktivitetssal med buldrevegg, der ein kan trene både Body-pump, Cross-fit, Yoga eller andre rørlse baserte aktivitetar.



## Klubbhus

Klubbhuset i hallen er Bulandet Idrettslag sin storstove med møtekapasitet for 25 personar. Rommet har 86'' Smartboard som gir gode mogelegheiter for presentasjonar, med mogelegheit til å vise både video, lyd, samt god tilgang for digitale møter. Rommet har og kjøkenløyising for servering av mat og drikke.



## Møterom

Hallen inneheld og eit møterom med Noreg sin finaste møteromsutsikt. Rommet fungerer ypparleg for grupper på 6-8 personar. Rommet har projektor med lyd og lerret.



## Sanitærbygg / Krabbeskjeret Bubil og Camping

På nordsida av Hallen ligg eit sanitærbygg som støtte for bubilturistar. Sanitærbygget har Herre/Damegarderobe med 2 dusjar og 2 toalett kvar. Mellom garderobane ligg det vaskerom med mogelegheiter til å både vask av klede og oppvask.

På Krabbeskjeret er det straumtilgang til 8 bubilar. Ein har nydeleg utsikt mot Buefjorden i sør aust, i eit roleg og avslappande område. Hallen vil vere ei viktig støtte for dei besøkande på dagar med dårleg vær. Det er tilgang til straum, vatn og tømning av septik.



**Hallen**

**BULANDET & VÆRLANDET FLEIRBRUKSHALL**